




Sogn og Fjordane Teater

FINST DET TIGRAR I KONGO?

humoristisk og engasjerande om eit alvorleg tema – HIV/AIDS



Interessant diskusjon etter ei framsyning — mellom russeformenn/kvinne i Førde -89 og prosjektgruppa ved teatret.

GENERALPRØVE I UNGDOMSKLUBBEN I BREMANGER 5. MAI 1989

FØR-PREMIERE PÅ KAPTEIN LINGE HOTELL I MÅLØY 6. MAI 1989

P R E M I E R E FØRDEHUSET VESLESCENA 10. MAI 1989

«Temaet vil vere ein vekkar til aktivt engasjement i forebygging av HIV/AIDS. For skular og ungdomsklubbar må teaterstykket vere eit fint grunnlag for debatt og engasjement — truleg ei god hjelp i undervisninga...»

Fylkeslegen i Sogn og Fjordane/
Ressursgruppa mot HIV/AIDS
(Arne Søvde)

«Neste års russ bør få tilbod om å sjå det til hausten...»

Cato Moe,
Raudrussen i Førde

«I dette teaterstykket vil ungdom møte AIDS-problematikken på ein slik måte at kunnskap må smelte saman med kjensler og emosjonar.»

Rusmiddelkonsulent hos skuledirektøren, Jon Valør

«Det er noko av det beste teaterstykket eg har sett. Eg vil tilrå at alle elevane på Mo jordbruksskule ser det.»

Trond Steine,
elev ved Mo jordbruksskule

«Eg såg ikkje framsyninga, men har høyrte så mykje positivt at eg vil gjerne ha det hit til Bremanger så fort de finn ein ledig dag...»

Helsesøster i Bremanger,
Kjellaug Hollevik

«Gledeleg er det då å kunne presentere eit «nyttig» stykke som talar direkte til oss om eit av dei farlegaste fenomen i vår tid, AIDS og HIV.»


Torbjørn Halvorsen,
skodespelar

Framsyning _____ den _____ kl. _____

Billett hos _____ eller v/inngang _____

Billettpris: _____

Finst det tigrar i kongo?




20g131185



FINST DET TIGRAR I KONGO?

av Bengt Ahlfors og Johan Bargum.
(Ahlfors og Bargum fekk Finsk dramatikerpris i 1988)
Frå svensk til nynorsk av Noralv Teigen



FINST DET TIGRAR I KONGO?

FINST DET TIGRAR I KONGO? FINST DET HIV I SOGN OG FJORDANE?

Ungdom har stor kunnskap om HIV/AIDS, men utset seg likevel for risikosituasjonar der ein kan bli smitta. I dette teaterstykket vil ungdom møte AIDS-problematikken på ein slik måte at kunnskap må smelte saman med kjensler og emosjonar.

Ut av denne syntesen vert haldningar danna og kan forsterkast gjennom ein etterfølgjande diskusjon om spørsmål som faktisk kan vere avgjerande for liv eller tidleg død.

Dette er utfordringa vår i dag — tak i mot ho!



Jon Valør
Rusmiddelkons. hos skuledir.

I ROLLENE

Torbjørn Halvorsen og Wiggo Lebsanft.
Regi og scenografi: Halvorsen/Lebsanft.
Kunstnarleg rådgjeving: Noralv Teigen
Rekvisittar: Kari Sandtrøen

SPELSTIKKA NR. 2/89

Ansvarleg utgjevar: Noralv Teigen
Programredaksjon: Anna Skadal Jonstad
Pr/Turne: Anna Skadal Jonstad
Foto: Reiakvam Foto
Sats/trykk: EKO-Trykk A.s - Førde



TORBJØRN HALVORSEN

— har lang og variert yrkespraksis, sjømann, industriarbeidar, studieinspektør m.m. og sist men ikkje minst skodespelar. Etter avslutta utdanning ved Statens Teaterhøgskule i 1962, har han stått på dei fleste teaterscener i Norge. Nemnast kan: Rogaland Teater, Riksteatret, Det Norske Teatret, Nationalteatret, Teatret Vårt og Sogn og Fjordane Teater.

Torbjørn Halvorsen er òg prosjektleiar for stykket «FINST DET TIGRAR I KONGO?»

WIGGO LEBSANFT

er den andre skodespelaren i dette stykket, og sjølv sagt med i prosjektet. Han debuterte som skodespelar på Det Norske Teatret i 1974. Gjennom åra har han delteke i over 60 produksjonar ved ulike teater og frie grupper. Han har og vore instruktør for fleire framsyningar, har medverka i fleire filmar, seinast i «Brun Bitter» av Sølve Skagen. NRK-radio og fjernsynsteatret har gjort nytte av han. Han er for tida free-lancer, og no engasjert ved Sogn og Fjordane Teater for å vere med i dette stykket. Sist han var her var i perioden 1978-80, og Torbjørn og Wiggo er såleis gamle kjende.

ER KUNSTEN «NYTTIG?»

Spørsmålet som her er stilt kling alltid i mitt skodespelarhovud. I regelen krev det eit langt og filosofisk svar; I ei stadig hardare, og teknokratisk verd, vert dei smale råkene for følelsar, viktigare og viktigare. Gledeleg er det då å kunne presentere eit «nyttig» stykke som talar direkte til oss om eit av dei farlegaste fenomen i vår tid: AIDS og HIV.

Wiggo Lebsanft og eg gler oss til å møte publikum i Sogn og Fjordane etter nesten 10 år. Sist vi gjorde det saman, var med barnestykket «Ole Brum» — også i Sogn og Fjordane Teater sin regi.

Torbjørn Halvorsen
skodespelar



Sogn og Fjordane Teater

EIT PROSJEKT — KVA ER SÅ DET?

Eit prosjekt skal ha eit mål og gå over ei viss tid. Målet for «FINST DET TIGRAR I KONGO?» må kunne delast i del-mål. Eit viktig del-mål er, slik underteikna ser det, å nå flest moglege ungdomar med den informasjon som dette stykket rommar, før skuleferie/skuleslutt.


Det er ei tøff, men givande utfordring både for skodespelarar som har eit minimum av prøvetid, og for dei som skal marknadsføre og selje dette stykket no i vår, men det inspirerer til innsats!

Teatret hadde prøveframsyning for helsepersonell frå alle kommunane i fylket: Responsen etter framsyninga same dag, og i tida etter, har vore gledeleg! Vi takkar samarbeidspartar frå ulike grupper som har gitt oss som arbeider med dette prosjektet, både økonomisk støtte og umåteleg stor inspirasjon. Teatret er her eit middel til å nå målet, som er informasjon til forebyggjande arbeid om HIV/AIDS.

Stykket vil vere på repertoaret frå no og ut september. Om vi i første omgang satsar på framsyningar for ungdom, er det så absolutt ei framsyning som er meint for alle grupper av ungdom og vaksne.

Takk til kvar og ein av dykk som er med oss i dette arbeidet!

Anna Skadal Jonstad
adm./PR-sek. v/teatret



TEATERSJEFEN
HAR ORDET

Teater er ikkje teaterhuset, ikkje scenen, ikkje eingong teksten eller regien.

Teater er ein uvanleg sans-, kjensle-, og tankeskjerpande tilstand av kommunikasjon mellom skodespelar og tilskodar i augneblinken.

Det er stundom nesten skremmande å sjå kor likegyldig tendensen i tekstgrunnlaget kan vere for medlevinga i teater, berre skodespelarane har evne og teknikk til å rive publikum med, og det er det som er teatret sitt fag. Få medier har slik påverknadskraft som teaterforma. Det finst mest ikkje grenser for kva idé eller idéologi teater kan brukast eller misbrukast til å målbere, og teater er ofte blitt misbrukt — ikkje minst i totaltære stater. Ikkje rart at meiningsbrytinga om teatret si oppgåve aldri tar slutt.

«Teater skal nøye seg med å underhalde, fri oss frå kvardagsproblem for ei stund. Nei, teater skal løfte oss over det kvardagslege og inn i den store kjensleopplevinga. Tvert imot — det skal nettopp syne oss kvardagen og sette problem under debatt....»

Vi kjenner standpunkta. Dei får vere som dei vil. Ikkje har vi berre — her i Ibsens heimland—ein høgstående samfunnsdramatradisjon. Her finst også alltid så alvorlege, ålmenne problem at teatret, som andre instansar, bør kjenne seg moralsk forplikta til å stø opp med all sin kompetanse og heile si påverknadskraft til løysing av problema.

AIDS problemet er av dette slaget. Vi trur at informasjon i dramatisk form har større gjennomslagskraft enn andre former. Denne gongen er vi dessutan heldige som kan gje publikum eit tilbod som fullt ut tilfredstiller både dramatiske og informative kvalitetskrav.

Framsyninga vi har kjent oss forplikta til å ta initiativet til, er eit samarbeidsprosjekt. Vi takkar dei som har sagt seg viljuge til å delta i det — frå tilskotsytarar til skodespelarar.

Noralv Teigen

Noralv Teigen
Teatersjef

58 1181 5078